



Haakonsværn Orlogstasjon, MP-stasjon

5886 BERGEN

Dato: 04.12.2014

Vår ref.: 2014/555-21

Saksbehandlar: lisadla

Dykkar ref.:

## **Styrking av den faglege breidda i Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) - invitasjon til Haakonsværn orlogstasjon, MP-stasjonen**

På møte i fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU) 03. desember 2014 vart det sett fram ønskje om at Forsvaret ved Haakonsværn orlogstasjon på ny vert eit fast konsultativt medlem i FTU. Fram til hausten var 2013 var trafikksikringsarbeidet organisert som eit fylkestrafikksikringsråd (FTR) leia av fylkeskommunen. Etter at FTR var lagt ned, og det politiske utvalet (FTU) vart etablert, så har ikkje Forsvaret delteke som konsultativt medlem. Haakonsværn Orlogstasjon har tidlegare vore representert med ein representant frå Militærpolitiet.

Når det gjeld organiseringa i FTU har er det oppnemnd 5 politiske representantar, og det stiller 11 konsultative medlemmar frå Hordaland fylkeskommune, Statens vegvesen, Politiet, Trygg Trafikk og ATL Hordaland. Det er lagt opp til 4 møter i året, samt ein årleg trafikksikringskonferanse for kommunane som FTU inviterer til.

FTU ser at det kan vere trong for å styrke den faglege breidda i trafikksikringsarbeidet, og ønskjer å få nærare kontakt med Forsvaret/Haakonsværn om mogeleg representasjon som konsultativt medlem i FTU. Bakgrunnen for dette er det store talet unge som gjer teneste på basen, og den rolla Haakonsværn med det har innanfor trafikksikring.

Vi ber om at Haakonsværn Orlogstasjon melder tilbake til FTU-sekretæren per epost om de ønskjer å delta.

John Martin Jacobsen  
seksjonsleiar

Lise Ådlandsvik  
Rådgjevar  
FTU-sekretær

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*